



Harald Sætre lovar nytt liv i dette huset, som ligg sentralt i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Harald Sætre tek sikte på at det skal verta nytt liv i Sætre-huset i Uskedalen. Nyleg flytta Kvinnherad Dyreklinikk ut etter kort tid. Sætre lovar ei avgjerd i løpet av hausten. Men han er i tvil om han skal leiga ut sjølv eller om næringslokala skal skiljast ut som eigen seksjon frå huset og seljast til interesserte som har tid og krefter til å skapa noko der.

Til **uskedalen.no** seier Sætre at huset er gammalt og treng mykje vedlikehald, og at det er tungvint å driva utleige og vedlikehald når han sjølv bur i Bergen.

Ei eventuell seksjonering av næringslokala omfattar både det gamle bakeriet i kjellarhøgda og sjølv butikklokala i fyrste etasje. Dette utgjer tilsaman 180 kvadratmeter.

Den murte bakaromnen frå 1938 er i teglstein, opprinneleg fyrst med ved og seinare bygd om til elektrisk fyring. Hvis nokon skulle vera interesserte i heile huset, vil Sætre og vurdera sal av eigedomen samla.